

Merknad til høyringsinnspel frå Gnr.45,18 - om endra vegløyising

Vurderingar om å flytte vegen slik at fleire tomter får tilkomst nedanfor Gnr.44,11.

Ved planoppstart varsla Gnr45,18 eit krav om at rundt halvparten av tomtene må få tilkomst via Gnr 44,11, og at det blir utarbeidd eit nytt forslag til vegløyising for byggefeltet.

Grunneigarane er samde i at den beste interntrafikkfordelinga, truleg var opprinneleg vegløyising med ein øvre T4 veg. Det krev i så fall at det offentlege føretak ei nyregulering.

Når T4 ikkje kunne gjennomførast med frivillig grunnavståing, sette me to grunneigarane i 2014, i gang ei privat vegløyisingundersøking med utgangspunkt i at alle tomtene på Gnr.44,6 skulle ordne tilkomst for seg. Og der Gnr.44,11 også skulle ordne tilkomst for sine tomter. Grunneigarane sende eit slikt vegforslag til Vestnes kommune. Det var konsulentfirmaet Karlsen & Kvile (no Norconsult), som hadde utarbeidd forslaget i tråd med nemnde intruksjonar. Vestnes kommune kom med endringsinnspel i prosessen, men då i hovudsak i høve til vegføringa internt for Gnr.44,6.

Dette vegløyisingforslaget hadde 2 stk færre tomter forbi Gnr.45,18 enn det forslaget som no ligg fast og er på høyring. Karlsen & Kvile hevda allereie den gongen, at det samla sett, ville bli ei vegmessig mykje betre, samt ei billigare løysing, om også dei to øvste tomtene på Gnr.44,11 blei ført nordover forbi Gnr.45,18 og ned til Remmemsvegen. Grunngevinga var dels tufta på tilkomstutfordringa «med direkte stigning» ned på Remmemsvegen nedanfor Gnr.44,11 og dels tufta på behovet for store vegskjæringar i skråninga ved den første, øvre tomte på Gnr.44,11. Det var laga tverrprofilar som dokumenterte dette.

Konsulent Hallgeir Wuttudal HA Plan as, var av same meining som Karlsen & Kvile, då han i 2018-2019 vart beden om å teikne ut den vegløyisinga som no er på høyring. Også han råde til å gå vidare med ei slik felles vegføring. Tilkomsten ned frå Gnr.44,11 blir då klassifisert som «felles privat byggefeltveg» med ein enklare vegstandard. Medan fellestilkomsten forbi Gnr.45,18 blir klassifisert som offentlig byggefeltveg med fast dekke, tilhøyrande renovasjonspunkt og lys.

Grunneigarane vil i tillegg peike på ein aktivitetsforbetra leikeplass gjennom denne vegløyisinga og arealendringa. Der ein liten vinterakebakke kan kombinerast med den interne gangvegen i direkte tilknytting til leikeplassen. Dersom vi skulle føre ein tilkomstveg ned her, frå dei øvre tomtene, ville det medføre store terrenginngrep og fleire, store og skjemmaende skjæringar i området.

Som eit innleiande og kompenserande tiltak før planoppstart, kjøpte grunneigar/ tiltakshavar nok veggrunn frå Gnr45,7, til at denne byggefeltvegen med sin trafikkauke, også kunne flyttast mot vest og lenger vekk frå både Gnr.45,18 og Gnr.44,34 - enn i gjeldande reguleringsplan.

Konklusjon frå grunneigar/tiltakshavar: Den planlagde byggefeltvegen ligg fast som varsla. Ulempene ved å bygge meir byggefeltveg ned forbi Gnr.44,11 er for store. Vegstøyulempene og trafikkaukeulempene for Gnr.45,18 er ikkje større enn at dei må tålast i sentrumsnært område.